


# **Reglement for finansforvaltning**

## **2020 - 2024**

### **Gol kommune**



## **Innhaldsliste**

1.	Virkeområde for Finansreglementet.....	1
1.1	Hensikt med reglementet.....	1
1.2	Kven gjeld reglementet for.....	1
2.	Heimel og gyldighet.....	1
2.1	Heimel.....	1
2.2	Gyldighet.....	1
3.	Forvalting og forvaltingstypar .....	2
4.	Føremålet med kommunen si finansforvalting .....	2
5.	Generelle rammar og avgrensingar.....	2
6.	Fullmakter til formannskapet.....	3
7.	Forvalting av ledig likviditet og andre midlar rekna til driftsføremål .....	3
7.1	Innskot i bank.....	3
7.2	Rapportering.....	4
8.	Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar.....	4
8.1	Vedtak om opptak av lån.....	4
8.2	Val av låneinstrumentar .....	5
8.3	Tidspunkt for låneopptak .....	5
8.4	Konkurrerande tilbod .....	5
8.5	Val av rentebindingsperiode .....	5
8.6	Storleik på einskildlån – spreiling av låneopptak .....	6
9.	Garantiar.....	7
9.1	Krav til garantien .....	7
9.2	Avgrensing i garantien si varighet .....	8
9.3	Kommunale garantiar for små beløp .....	8
10	Avvik .....	8
10.1	Konstatere avvik.....	8
10.2	Risikovurdering .....	8
10.3	Kvalitetssikring .....	8

## **1. Virkeområde for Finansreglementet**

### **1.1 Hensikt med reglementet**

Reglementet skal gje rammar og retningslinjer for kommunen si finansforvaltning. Reglementet er eit samla oversyn over dei rammar og avgrensingar som gjeld for administrasjonen. Fullmaktar, instruksar og rutinar skal heimlast i reglementet.

Reglementet definerer vidare dei nivå for avkasting og risiko som er akseptable for plassering og forvalting av likvide midlar meint for driftsføremål. Sameleis skal reglementet gje nivå for opptak av lån/gjeldsforvalting og plassering og forvalting av langsiktige, finanzielle aktiva.

Kommunen skal forvalte finanzielle midlar og gjeld på ein slik måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at kommunen kan innfri sine betalingsplikter jf. kommuneloven § 14-1, 3. ledd.

Ein avtale som inneberer vesentleg finansiell risiko, er ikkje gyldig viss kommune sin avtalepart forsto eller burde ha forstått dette.

Kommunen skal ha eit finansreglement jf. kommuneloven § 14-2, e) og innhaldet er lovfesta i kommuneloven §14-13, samt i forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar.

### **1.2 Kven gjeld reglementet for**

Reglementet gjeld for Gol kommune. Reglementet gjeld også for ev. kommunale føretak etter kommunelova sitt kapittel 11, interkommunalt samarbeid der Gol er vertskap etter kommunelova si § 17-1 og kommunalt oppgåvafellesskap etter kommunelova § 19-1.

I den grad desse verksemndene har ei eiga finansforvalting skal denne utøvast i tråd med dette reglementet. Det same gjeld dersom eit interkommunalt samarbeid har eige finansforvalting. Kommunestyret skal i så fall vere kjent med dei reglane som gjeld for verksemda eller samarbeidet.

## **2. Heimel og gyldighet**

### **2.1 Heimel**

Dette reglementet er utarbeida på bakgrunn av:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner og fylkeskommuner av 2018-06 (kommuneloven)
- Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner FOR-2019-11-18-1520.
- 

### **2.2 Gyldighet**

- Reglementet trer i kraft frå og med 01.11.2020. Finansreglementet skal vedtakast minst ei gong i kvar kommunestyreperiode
- Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedteke for Gol kommune si finansforvaltning

### **3. Forvalting og forvaltingstypar**

I samsvar med føresegner i forskrift om «kommuners og fylkeskommuners garanti og finansforvaltning» skal reglementet omfatte forvaltinga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar i bank, obligasjoner, aksjefond m.m.) og passiva (renteberande gjeld).

**Gjennom dette finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammar for:**

- Forvalting av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål
- Forvalting av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar
- Plassering og forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva
- Forvaltning av ledig likviditet kan settast bort til eksterne forvaltarar som har relevante konsesjonar frå Finanstilsynet eller annan tilsvarende offentleg myndighet

Finansreglementet inneholder ikkje målsettingar, strategiar og rammar for plassering og forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva. Dersom kommunen i framtida ynskjer å etablere forvalting av langsiktige finansielle aktiva utover plassering i bank vil dette finansreglementet bli oppjustert og bli lagt fram til vedtak av kommunestyret.

Kommunen sine aksjar og ansvarlege lån i ulike selskap er motivert ut frå næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn. Desse aktiva er ikkje omfatta av finansreglementet, men er omhandla i eige sak «Eigarskapsmelding».

### **4. Føremålet med kommunen si finansforvalting**

Finansforvaltinga har som overordna føremål å sikre ei *rimeleg avkasting* samt *stabile og låge netto finansieringskostnad* for kommunen sine aktivitetar innafor *definerte risikorammar*.

**Dette søker ein å få til ved hjelp av følgjande delmål:**

- Overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkasting innanfor definerte krav til likviditet og risiko, samstundes som ein skal ta omsyn til tidsperspektiv på plasseringane
- Lånte midlar skal over tid gje lågast mogeleg totalkostnad innafor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, samstundes som ein skal ta omsyn til behov for føreseielege lånekostnader

### **5. Generelle rammar og avgrensinger**

- Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetting av dette finansreglement, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkasting og kva som er vesentleg finansiell risiko, jf. kommunelovens § 14-1 tredje ledd, jf. § 14-13 første ledd
- Reglementet skal vere basert på kommunen sin egen kunnskap om finansielle marknader og instrumentar
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltinga inkludert kva som reknast som langsiktige finansielle aktiva. Kommunedirektøren har ei eige plikt til å utgreie og legge fram saker for kommunestyret som reknast som prinsipielle

- Kommunedirektøren skal fortløpende vurdere i kor stor grad reglementet sine forskjellige rammar og avgrensingar er eigna, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltinga blir gjort forsvarlig i høve til dei risiko som kommunen er eksponert for
- Det ligg til kommunedirektøren å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet
- Det ligg til kommunedirektøren å utarbeide naudsynlege fullmaktar/instruksar/rutinar for dei einskilde forvaltingsformar som er i samsvar med kommunen sine overordna økonomiføresegns
- Finansielle instrumentar og/eller produkt som ikkje er særskilt nemnd nytta gjennom dette reglement, kan ikkje brukast i kommunen si finansforvalting

#### **Konkrete rammar for forvalting av:**

- Kommunen sine midlar til driftsføremål (inkl. ledig likviditet)
- Gjeldsporteføljen

blir i fortsettinga behandla kvar for seg.

#### **6. Fullmakter til formannskapet**

- I medhald av kommuneloven § 5-6, 5. ledd innstiller formannskapet til vedtak i økonomisaker som nemnd i § 14-3 tredje ledd og til skattevedtak.
- Formannskapet gis fullmakt til å plassere finanzielle aktiva utover eit år
- Kjøpe og selje kommunale eigedomar og grunn dersom dette er budsjettert

#### **7. Forvalting av ledig likviditet og andre midlar rekna til driftsføremål**

Kommunen sine midlar til driftsføremål (inklusiv ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot med kort løpetid inntil eit års plassering. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK). Kommunen kan inngå rammeavtale for å ta vare på det daglege behov for banktenester.

Kommunen sin driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre større spare- eller forretningsbankar.

Gol kommune kan vurdere å investere overskytande utover minimumskrav til disposisjonsfond i andre finansielle instrument enn bank.

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, utover kva som trengs til dekning av kommunen sine løypande skuld, fråtrekka estimerte innbetalingar, dei nærmaste 3 månader, kan plasserast etter følgjande retningsliner:

##### **7.1 Innskot i bank**

###### **For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:**

- a) Binding av innskot på tid meir enn 12 månader skal vedtakast av formannskapet
- b) Eit einskild innskot med binding på tid kan ikkje vere på meir enn NOK 30 mill.

## **7.2 Rapportering**

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering pr. 30. april og pr. 31. august, legge fram rapportar for kommunestyret som syner status for forvaltinga av ledig likviditet og andre midlar rekna til driftsføremål. I tillegg skal rådmannen etter utgangen av året legge fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

**Rapportene skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:**

	31.12.201x-1		30.04.201x		31.08.201x		31.12.201x	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot hovudbank								
Innskot i andre bankar								
- Unytta lånemidlar								
<b>Samla kortstiktig likviditet</b>		<b>100 %</b>		<b>100 %</b>		<b>100 %</b>		<b>100 %</b>

**Rapporten skal i tillegg angi følgjande:**

- Kommunedirektøren sine kommentarar knytt til samansettning, renter/avkastning, vesentlege marknadsendringar og endring i risikoeksponering
- Kommunedirektøren si beskriving og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet

## **8. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar**

### **8.1 Vedtak om opptak av lån**

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av total lånefinansiering i budsjettåret som er maksimalt lånepoptak etter fråtrekk av ubrukte lånemidlar pr. 1.1. i rekneskapsåret.

**Vedtak skal som minimum angi:**

- Lånebeløp
- Nedbetalingstid
- Ev. avdragsfrie periodar
- Lånebeløp for opptak av lån til vidare utlån - startlån med avdragstid

Nedbetalingstid må sikre at kommunen årleg minst betaler avdrag som tilfredsstiller krav i kommuneloven § 14-18 om minste tillate avdrag.

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal det gjennomførast lånepoptak inkl. godkjenning av lånevilkår, og forvalting elles av kommunen sine innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i tråd med reglane i «kommunelovens § 14-14» om lånepoptak.

Det kan også takast opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

Gol kommune kan ta opp lån for å finansiere tilskot til investeringar som eiges av ein annan kommune, men berre på område kor kommunane har eit lovpålagt ansvar jf. kommuneloven § 14-16, lån til andres investeringar, 1. ledd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere tilskot til investeringar i varige driftsmidlar som eiges av eit selskap kor kommunen har ein eigarpark i selskapet og kor kommunen har bestemmande mynde, men berre ved investeringar på område kor kommunen har eit lovpålagt ansvar. Kommunen sitt låneopptak etter 1. ledd kan ikkje vere større enn eigaren sitt samla investeringstilskot justert for kommune si eigarpark i selskapet, jf. kommuneloven § 14-16, 2. ledd.

## **8.2 Val av låneinstrumentar**

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing, men berre etter at kommunestyret har bestemt dette. Finansiell leasing skal behandlast og rekneskapsføras som lånefinansiering.

## **8.3 Tidspunkt for låneopptak**

Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.

## **8.4 Konkurrerande tilbod**

Låneopptak skal søkjast gjennomført til dei gunstigaste vilkår i marknaden. For investeringsslån bør det gjennomførast minikonkurranse mellom minst 2 aktuelle långjevarar. Val av långjevar skjer etter ei prioritering av oppgjeve rentesats for lånerente og dersom desse elles er like ut frå tidlegare røynsle med långjevar.

Prinsippet kan fråvikast når det gjeld låneopptak i statsbank, t.d. særskilte lånordningar som Startlån eller tilsvarande, lån som nyttast som politisk verkemedel for utbygging og som er motivert ut frå statleg satsing. Lånets løpetid, rentebinding og andre vilkår knytta til låneopptaket velges av kommunedirektøren i tråd med kommuneloven § 14-17.

## **8.5 Val av rentebindingsperiode**

Styring av låneporleføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i høve til forventa framtidig renteutvikling, ynskje om føreseielege og stabile lånekostnader og innafor eit akseptabelt risikonivå og stabilitet i lånekostnadene.

**Forvaltinga skal leggast opp slik:**

- a) 1/3 av gjeldsporteføljen skal ha flytande renter (kortare enn 12 månader)
- b) 1/3 av gjeldsporteføljen skal vurderast opp i mot kva som gir dei beste villkåra ut i frå marknadssituasjonen
- c) 1/3 av gjeldsporteføljen som ikkje er omfatta av sjølvkostområdet skal ha fast rente med binding 1 – 5 år

Eventuell avdragsfrihet på lån skal takast opp som eigen sak i formannskap og kommunestyre.

## 8.6 Storleik på einskildlån – spreiing av låneopptak

- a) Låneporteføljen skal bestå av færrast mogelege lån, men slik at refinansieringsrisikoen ved vanlege låneforfall er avgrensa
- b) Eit einskildlån kan ikkje utgjere meir enn 25 % av kommunen si samla gjeldsportefølje
- c) Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing
- d) Den maksimale avdragstiden på kommunen si samla gjeld skal vere i samsvar med budsjettvedtak og gjeldande regelverk for minimumsavdrag

## 8.7 Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering pr. 30. april og pr. 31. august rapportere på status for gjeldsforvaltinga. I tillegg skal rådmannen rapportere i samband med årsmeldinga utviklinga gjennom året og status pr. årsslutt.

**Rapportene skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:**

	31.12.201x-1	30.04.201x	31.08.201x	31.12.201x
	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med p.t. rente				
Lån med NIBOR-basert rente				
Lån med fast rente – 1 – 3 år				
Lån med fast rente – 4 – 5 år				
Finansiell leasing				
<b>Samla langsiktig gjeld</b>	<b>100 %</b>		<b>100 %</b>	<b>100 %</b>
<b>Effektiv rentekostnad i året</b>				
Tal på løpende einskildlån				
Største einskildlån – saldo				

**For gjeldsforvaltinga skal det i tillegg rapporterast om følgjande:**

- Opptak av nye lån (inkl. avtalar om finansiell leasing)
- Løpetid på lån
- Refinansiering av eldre lån
- Kommunedirektøren sine kommentarar knytt til endring i risikoeksponering, attverande rentebinding og rentevilkår i høve til kommunen sin økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt korte og langsiktige finansierings-/refinansieringsbehov
- Kommunedirektøren si beskriving og vurdering av avvik mellom faktisk forvalting og risikorammene i finansreglementet
- Samansetjing av avtaler for finansiell leasing
- Verdien av lån som forfell og må refinansieres innan 12 mnd.
- Forhold som kommunestyret har stilt krav om at det skal opplyst om

## **9. Garantiar**

### **9.1 Krav til garantien**

Eit vedtak om kommunal garanti skal jf. «Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning» § 2 innehalde:

- a) kven garantien er stilt for
- b) kva formål garantien gjeld
- c) kva type garanti som er stilt
- d) det maksimale beløpet som det garanterast for og korleis beløpet eventuelt reduserast i garantiperioden
- e) kva for tidspunkt garantien gjeld frå og når den opphøyrer
- f) vedtaket må godkjennast av departementet etter kommunelova § 14-19

Viss det kausjonerast for lån, skal garantivedtaket også angi lånet hovudstol og kva for tillegg for rentar og omkostningar som det garanterast for.

Viss kommunen tar atterhald som har tyding for kommunen sitt garantiansvar, skal atterhald kome fram av garantivedtaket.

Viss kommunen skal ha rettighetar som skal dekkje utgiftene ved å eventuelt innfri garantien, skal rettighetene kome fram av garantivedtaket.

Viss garantien er gjett for små beløp og ikkje skal vere gjenstand for godkjenning av departementet jf. Kommunelova § 14-19, første ledd første punktum.

#### **«§ 14-19. Garantier**

Kommuner og fylkeskommuner kan ikke stille kausjon eller annen økonomisk garanti for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, hvis garantien innebærer en vesentlig økonomisk risiko eller er stilt for næringsvirksomhet. Et tilslagn om kausjon eller annen økonomisk garanti som en kommune eller fylkeskommune stiller for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, er bare gyldig hvis vedtaket om å stille garantien er godkjent av departementet. Ved godkjenningen skal departementet bare vurdere om garantien er i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen. Departementet kan ikke godkjenne garantier i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen. Er garantien godkjent av departementet, regnes den ikke som ugyldig, selv om den er i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen.

Garantier for små beløp er unntatt fra kravet om godkjenning. Et garantitilsagn for små beløp er ikke gyldig hvis mottakeren av garantien forsto eller burde ha forstått at garantien er i strid med første ledd.

Departementet kan gi forskrift om garantiers varighet, krav til innholdet i garantivedtak og grensen for garantier for små beløp.»

## 9.2 Avgrensing i garantien si varighet

### § 3 i forskrifter om garantiar gjer følgande innskrenkingar:

Garantiar for finansiering av investeringar, kan ikkje gis utover investeringa si levetid og uansett ikkje for meir enn 40 år.

Garantiar for andre føremål, kan ikkje gis for meir enn fem år.

Kausjonar kan ikkje gjelde for meir enn to år frå det tidspunktet som fordringa mot hovuddebitor forfell.

### 9.3 Kommunale garantiar for små beløp

Forskrifta om garantiar § 4 seier at for Gol kommune si del er 2 000 000,- kroner og lågare rekna som eit lite garantibeløp og treng ikkje godkjenning av departementet.

Det er innbyggjartalet 1. januar i året før garantivedtaket som avgjer kva som er beløpsgrensa for kommunen.

## 10 Avvik

### 10.1 Konstatere avvik

Ved avvik mellom faktisk finansforvalting og rammar for finansreglementet som reknast å ha tap større enn NOK 500.000,- for budsjettåret, skal avviket utan ugrunna opphold leggast fram som eiga sak for kommunestyret med forslag til vedtak om korleis avviket bør lukkast. I saken skal administrasjon gjere framlegg til endring av rutinane som kan redusere risikoen for slike avvik i framtida.

Dersom den berekna økonomiske konsekvens av avviket er mindre enn NOK 500.000,- for året kan rapportering vente til neste vanlege finansrapportering til kommunestyret.

### 10.2 Risikovurdering

Det skal til kvar rapportering gjerast følgjande særskilte risikovurdering:

- Ei "netto" gjeldsvurdering som syner kommunen si rekneskapsmessige risiko i NOK med ein 1 %-andel generell endring i rentekurva

### 10.3 Kvalitetssikring

Finansforskrifta bestemmer at kommunestyret må la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet er i samsvar med kommuneloven sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinerar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen er ansvarleg for at ei slik vurdering blir gjort.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtek nytt, endra finansreglement. I denne samanheng skal det også rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane.